

Russland, tilbake til gammal stordom?

Å vere ein stat inneber at offentlege styresmakter har monopol på minst tri område: valdsbruk, skatteinnkreving, og å lage pengar. Alle tri monopol vart underminerte i Russland på 1990-tallet, i ein slik grad at sjølve eksistensen til staten stod i fare.

Våren 2008 vil Russland få ny president og nytt parlament. Jamvel om Putins popularitet er ekstremt høg – om det var val i morgen, ville han vinne i første runde med over 50 % av röstene – så hindrar grunnlova han i å ta ein tredje periode. Det har vore mykje diskusjon i pressa om kven som kan ta over etter han – Dimitri Medvedev, første visestatsminister, blir oftast nemnd – men det er liten tvil om at Putin sjølv vil peike ut etterfølgjaren sin. Det er til og med mauleg at Putin held fram som leiar for det herskande partiet, leiar for regjeringa, eller begge. Overføringa av makta vil dermed sannsynlegvis gå glatt, og kontinuiteten til det noverande regimet vere sikra. Men ei granskning av dei sosiale og økonomiske tilhøva i Russland avslører ei rad med problem som etterfølgaren til Putin vil arve, og stille han framfor vanskelige oppgaver.


Etter å ha mista 45 % av produksjonen i åra 1989–1998, byrja den russiske økonomien å vekse frå 1999: BNP vokser med 6 % det året, 10 % i 2000, og 4–7 % i 2001–2006. Hovudstimulansen bak kom frå devalueringa av rubelen i 1998, og seinare frå høgare prisar på verdsmarknaden på olje og gass (figur 1); men Putin kan i det minste krediterast for ikkje ha øydelagd denna veksten. Inflasjonen fall frå 84 % i 1998; då prisane bråsteig etter valutakrisa i august 1998 og devalueringa av rubelen; til 10–12 % i 2004–2006.

Samanlikna med andre land er ikkje dei russiske resultata så imponerande. Mange andre tidlegare sovjetrepublikkar – Aserbajdsjan, Kviterussland, Estland,

Vladimir Popov

er russisk økonom og har blant annet skrevet boka *Three drops of water* (2002) om Kina.


Figur 1: BNP-vekst og inflasjon i Russland, 1900–2005 (i prosent).



Inflasjonen er målt ved konsumprisindeksen, gjengitt i logaritmisk skala til venstre, årlig. Beregnede tall fra 2006.

Kilde: RosStat

Figur 2: BNP-endring i land i tidligere Sovjetunionen.




1989 = 100 %. Kilde EBRD, Transition Report, forskjellige år.

Kasakhstan, Latvia, Litauen, Turkmenistan, Usbekistan, og ifølgje enkelte vurderingar Armenia – nådde eller passerte verdiskapringa frå før tilbakegangen (1989) i 2006, mens Russlands BNP framleis bare var 85 % av 1989-nivået. (Figur 2) Russlands Human Development Index (som tar omsyn ikkje bare til BNP per hovud, men venta livslengd og utdanningsnivå) er framleis lågare enn den frå Sovjetunionen, og ligg jamvel under Cubas, der venta livslengd er 77 år, mot 65 i Russland. Kina, med venta livslengd på 72, nærmar seg Russlands HDI-plassering raskt. (Figur 3)

Men Russland er i det minste meir stabilt i dag enn i dei urolege 1990-åra. Statsbudsjettet har gått frå underskott til overskott, nedgangen i statlege inntekter og utgifter vart stoppa (figur 4), offentleg gjeld både innanlands og utanlands har minka (figur 5), og utanlandske valutareservar auka til over 250 milliardar dollar ved utgangen av 2006 (figur 6). I 2004 laga regjeringa eit stabiliseringsfond for ikkje-budsjettet profitt frå drivstoffeksport; sommaren 2006 var det over 80 milliardar dollar i fondet. Men mange analytikarar har peika på at med veksten i drivstoffprisane på verdsmarknaden dei siste åra kunne ein venta akselerert økonomisk vekst framfor den nedgangen som faktisk skjedde i 2001–2006 samanlikna med 2000.


Grunnen til lågare veksttakt i 2001–2006 var overvurderinga av den reelle valutakurseren (figur 6) – den typiske hollandske sjuka (forklaring1) som Russland utvikla nok ein gong. Første gongen var i 1995–1998, då det førte til valutakrisa i august 1998, og no ser det ut til at historia gjentar seg sjølv. Optimistar meiner at Russland ulikt 1998 no har store reserver av utanlandsk valuta (over 250 milliardar dollar), men pessimistar peikar på at om oljeprisane fell og kapitalen byrjar flykte med 5 milliardar dollar i

Figur 3: FNs levekårsindeks, 1990–2002.



Kilde: UNDP, Human Development Report 2006


Figur 4: Den russiske statens inntekter og utgifter:



Deficit= underskudd Surplus = overskudd

Kilde: RosStat og det russiske finansdepartementet

Figur 5: Russlands gjeld til utlandet i milliarder dollar



Sentralbankens gjeld inkluderer regjeringas gjeld til IMF (beregnede tall fra 2006) Kilde: Russlands sentral bank

veka, som han gjorde i august 1998, då ville reservane bli tømt svært raskt. Ei framtidig devaluering kan enten ta form av ei valutakrise eller ei «mjuk landing», men det er liten tvil om at ho vil komme til slutt.


I tillegg er den noverande veksten ikkje basert på fast grunn: lønningar og inntekter dei siste åra har systematisk vaksen raskare enn produktiviteten (figur 7), slik at forbruket sin del av BNP har vaksen på kostnad av investeringane. Som resultat, mens privat og offentleg konsum i Russland alt har overstige nivået frå før tilbakegangen, så ligg investeringane framleis under 40 % av nivået dei siste åra Sovjetunionen eksisterte (figur 8). Den totale sparinga i Russland er høg – over 30 % av BNP – men dei har blitt kanalisiert via straumen av privat kapital og akkumuleringa av utanlandsreservar; dei totale investeringane når derfor bare snau 20 % av BNP.

Det er ein annan viktig brist i den noverande veksten: regjeringa har ikkje brukta ikkje-budsjettete inntekter frå olje- og gasseksport i 2000–2006 til å reparere alvorleg skadde statlege institusjonar eller til å bygge opp att viktige allmenne gode, slik som lov og orden, utdanning og helsestall. I staden har regjeringa senka skattane, og dermed tillatt profittane frå naturressursane å hope seg opp som privat- og forretningsinntekt, og har samla opp eit budsjettoverskott. Statens utgifter som del av BNP har knapt auka i det heile tatt, men står på det ekstremt låge nivået frå 1999 – mindre enn halvparten av nivået frå Sovjetunionen. (Figur 4)

Sosiale utviklingstendensar

Den uunngåelege labiliteten dei kommande åra vil påverke den politiske og sosiale utviklinga sterkt, men kanskje meir yteevna til statlege institusjonar. Ein sterkt, effektiv stat har makt til å gjennomføre sine lover


Figur 6: Valutakurs og valutareserve.



Valutakursen måles til venstre. Desember 1995=100. Valutareserven viser til høyre med logaritmisk skala, tall i milliarder dollar, inkludert gullreserver.


Kilde: Den russiske sentralbanken

Figur 7: Årlig vekst i lønninger, inntekter og produktivitet



Kilde: RosStat

Figur 8: Vekst i realinvesteringer og totalkonsum, 1991–2005



Konsum inkluderer både privat og offentlig. Kilde: RosStat


og reglar, same kva dei måtte vere. Tallet på brotsverk og mord og storleiken på den svarte økonomien er naturlege mål på styrken i dei statlege institusjonane. Sterke statar kan vere meir eller mindre demokratiske: både Kina og sentraleuropeiske land, med mordratar på omlag 2 per 100 000 innbyggjarar, har ein sterkare stat enn Russland, med rundt 25–30 mord per 100 000.

Å vere ein stat inneber at offentlege styresmakter har monopol på minst tri område: valdsbruk, skatteinnskriving, og å lage pengar. Alle tri monopol vart underminerte i Russland på 1990-tallet, i ein slik grad at sjølv eksistensen til staten stod i fare. Fiaskoen til regjeringa blei omfattande og mykje meir synleg enn fiaskoane i marknaden. I 1998, like før valutakrisa, var betalingssystemet i ferd med å bryte saman: byttehandelen var over 50 % av dei totale transaksjonane og selskapa samla seg gjeld (handel, skatt og lønnsforsinkingar), låg etter med betalingar til det offentlege, partnarane og dei tilsette. Etter at den økonomiske veksten tok seg opp att i oktober 1998, forsvann manglande betaling og byttehandel raskt, men det finst ingen garanti for at det ikkje vil dukke opp att om styremaktene grip til stram pengepolitikk.

Skatteinngangen auka litt etter å ha falle dramatisk i 1992–1998 (figur 4), men mest fordi veksten tok seg opp att, og ikkje pga betre skattemoral. Regjeringa har ikkje blitt meir dugande dei siste åra: ulike mål for korruption, styringseffektivitet og i kva grad staten er i stand til å handheve lovverket, som uunnåeleg blir subjektive, er samstemte om at det manglar tydeleg framgang (figur 9–12). Låg pengebruk totalt betyr at staten ganske enkelt ikkje kan sørge for nok offentlege gode.


Men verst av alt er at omfanget og forma på kriminaliteten i Russland framleis er omfattande. Brotsraten steig gradvis i Sovjetunionen frå midten av 1960-tallet,

Figur 9: Korruptionsindeks, 1980–2005




Kilde: Transparency International

Figur 10: Verdensbankens korruptionsbekjempelsesindeks



Kilde: World Bank Governance Indicators dataset, 2007

Figur 11: Rettssikkerhetsindeks




Kilde: World Bank Governance Indicators Dataset, 2007

men etter samanbrotet til USSR steig han til ukjende høgder – på få år vart tallet på brotsverk og mord dobla, og var likt med eller verre enn dei høgaste i verda. (Figur 13) (Forklaring 2) Midt på 1990-tallet var tallet på mord 30 per 100 000 innbyggjarar, mot 1–2 i Vest- og Aust-Europa, Canada, Kina, Japan, Mauritius og Israel. Bare to land (ikkje medrekna nokre krigsherja statar i utviklingslanda, der det likevel ikkje finst statistikk å stole på) hadde høgare mordrate – Sør-Afrika og Colombia – mens Brasil og Mexico har 50 % lågare tall enn Russland. Jamvel mordraten i USA, den høgaste i utvikla land – 6–7 personar per 100 000 – bleiknar mot dei russiske talla.

Når mordraten når 40–50 per 100 000, slik han gjorde i Colombia på 1990-tallet, står landet framfor eit fullstendig samanbrot i den autoriteten staten har, og opplysing med kaos og krigsherrar. Den uhøyrdre auken i brotsverk på 1990-tallet, dei sjokkerande, men ustraffa morda på høgt profilerte politikarar, forretningsmenn og journalistar, fekk politi og rettsvesen i Russland til å stå fram som moralsk bankerotte, og staten var nær ved å miste monopolet sitt på å bruke vald.


Den russiske raten for død pga ytre årsaker (uhell, mord og sjølvmort) var på byrjinga av det tjueførste hundreåret skyhøge 245 per 100 000 innbyggjarar. Det er høgare enn i noko anna av dei 187 landa dekkja av statistikken i 2002. (Tabell 1) Det svarer til 2,45 dødsfall per 1 000 i året, eller 159 per 1 000 over 65 år, som er venta gjennomsnitts levealder i Russland i dag. Sagt annleis, om det held fram slik vil 1 av 6 russarar fødde i 2002 få ein unaturleg død. Ganske visst var 1980-talla på mord, sjølvmort og ulykker ganske høge i Russland, Ukraina, Kviterussland, Latvia, Estland, Moldova og Kasakhstan – fleire gonger høgare enn i andre tidlegare sovjetrepublikkar og

Figur 12: Verdensbankens indeks over det offentliges effektivitet



Kilde: World Bank Governance Indicators dataset, 2007


Figur 13: Mord, død forvoldt med vold, selvmord og kriminalitet, per 100 000



Venstre akse: Mord, død forvoldt med vold, og selvmord. Høyre akse: Kriminalitet. Beregnede tall for 2006

Kilde: RosStat

Figur 14: Dødelighet og forventet gjennomsnittlig levealder. 1950–2006



austeuropaiske land. Men dei kunne grovt sett samanliknast med andre land med same utviklingsnivå. På 1990-tallet steig talla raskt, og oversteig langt talla i resten av verda.

Det viktigaste som er oppnådd dei siste åra, er forbetringa i sosiale kår som resultat av økonomisk vekst og politisk stabilitet: tallet på mord nådde ein topp i 2002 og fell i 2003–2006: sjølvmordsraten sank i 2001–2006 (figur 13); dødsraten slutta vekse i 2004 (figur 14); etter å ha vore den lågaste på 50 år i 1999 byrja fødselsraten å vekse, tallet på ekteskap auka og skilsmisseraten sank. På andre sida er ein nær 60 % auke i brotsverk i 2002–2006 sannsynlegvis eit uttrykk for betre registrering av brotsverk. Sant nok er forbetringane svært marginale, og synlege bare dei to eller tri siste åra, men i det minste er det strimer av håp som tidlegare var heilt fråverande.

Attreising av staten?

Seieren til Yedinstvo, «maktpartiet», i parlamentsvala i 1999 var mellom andre ting ein seier for dei som ikkje hadde noko

Tabell 1: Antall døde av ytre årsaker per 100 000 innbyggere, 2002

	Totalt	Ulykker	Selvmord	Mord	Andre
Russia	245	158	41	33	11
Sierra Leone	215	148	10	50	7
Burundi	213	64	7	18	124
Angola	191	131	8	40	13
Belarus	172	120	38	13	0
Estonia	168	124	29	15	0
Kazakhstan	157	100	37	20	0
Ukraine	151	100	36	15	0
Côte d'Ivoire	148	86	11	27	24
Colombia	134	36	6	72	19
Niger	133	113	6	14	0

«Andre» døde er pga uidentifiserte, eksterne årsaker, kriger, politioperasjoner eller avrettinger. Totalene kan være forskjellig fra kolonnene pga avrunding.

Kilde: Verdens Helseorganisasjon

(subsidierte regionar) over dei som hadde (givarregionane), som hadde slått krefte saman i Primakov-Luzhkov-blokka «Otechestvo–Vsya Rossiya». Putin freista avgrense dei allmektige regionane ved å endre dei føderale skattereglane, og peika ut provinsguvernørar under presidenten i sju samansette regionar, og med eit reformert føderasjonsråd, det øvre kammeret i det russiske parlamentet, som representerte interessene til alle 89 regionane. I 1999 byrja Putin ein ny krig mot Tsjetsjenia, og avslo forhandlingar med separatistane som i dag stort sett er slått. Han starta rettssaker mot «oligarkane» – innanfor grensene til lova. Ei rad med pampar vart skulda for skattejuks og finansfiffel; enkelte emigrerte, enkelte blei arresterte. Den einaste tv-kanalen utanfor regjeringskontroll – NTV – vart stengt (elles på heilt legitimt grunnlag: «oligarken» Gusinsky nekta å betale gjelda han hadde til det statseigde Gazprom, tilsynelatande hadde han funne ut at talefridommen ikkje var verdt så mange pengar). Mikhail Khodorkovsky endte i fengsel for bedrageri (førte oljeprofittar ut av landet ved hjelp av konsernintern prisfastsetting – transfer pricing), og selskapet hans, Yukos, vart slått konkurs av regjeringa; eide delane til selskapet vart tatt som dekning for skatten som skulle vore betalt til statskassa. Eit anna oljeselskap, Sibneft, vart kjøpt på den opne marknaden av Gazprom, det auka den statlege delen av oljeindustrien frå mindre enn 15 % i 2004 til over 30 % eit år seinare.

Men forbetringane av sosiale indikatorar har vore viktigast av alt som er oppnådd. Økonomisk vekst og låg inflasjon aleine kan ikkje hindre at landet går i oppløysing om sosial ulikskap og kriminalitet veks. Bygging av maktapparat og intensivert sentralisering vil ikkje hindre at staten kollapsar om ikkje lov og orden blir fastare handheva, og den svarte økonomien avgrensa.

Putin har nettopp vorte kritisert for personleg å ha skaffa seg meir makt utan samtidig å få meir orden som resultat. Men no ser det ut til at ein kan sjå dei første teikna på ei verkeleg stabilisering.

Putins popularitet kan forklarast primært ved at han har klart å stoppe det samanbrotet i staten som kom pga reformene frå 1990-tallet. Alle andre problem blir små mot trusselen om sosial og nasjonal opplysing. Fleirtallet av borgarane i Russland er klare til å tilgi Putin for den hardhendte taktikken i kampen mot «oligarkane» og jamvel med mindre viktige forretningsmenn, for «utreinskningane» i Tsjetsjenia, og for avgrensingar i demokratiet og talefridommen – alt for å styrke lov og orden og hindre det grenselause anarkiet frå 1990-tallet.

Meiningsmålingar gjennomført mot slutten av vala i februar 2004 stilte spørsmål om kva russarane først og fremst venta seg av den nye presidenten. 58 % ønska at han skulle attreise Russland som ei stor og respektert makt; 48 % ei rettferdig inntektsfordeling for vanlege menneske; 45 % styrke lov og orden; 43 % gjøre slutt på kriegen i Tsjetsjenia; 41 % gi tilbake pengane vanlege menneske mista under reformene; 39 % å styrke statens rolle i økonomien. Prioriteringar som «halde fram med reformene» og «halde fram politikken med nære band til vestlege land» samla bare 11 og 7 %. «Er du uroa for at Putin kan opprette eit jernhardt diktatur med støtte frå 'maktsentra'?» I januar 2000, før Putins første valseier, sa 34 % ja til spørsmålet, mens bare 26 % stod for det synet i januar 2004. Tilsvarande brydde 57 og 67 % seg ikkje.

Framtidsutsikter

Kor går Russland? Framtida byr på mange farar. Den neverande kurset på rubel (tilhøvet mellom prisane innanlands og på

verdemarknaden) er for høg. Den har vaksen dei siste fem åra og i 2006 gjekk han over nivået frå 1998 før krisa. Derfor kan eit fall i energiprisane på verdsbasis føre til ei ny valutakrise og avbryte den økonomiske athentinga, trass i store valutareservar. Innanlandske drivstoff- og energiprisar er framleis mange gonger lågare enn verdsprisane, det skaper insentiv for ineffektiv energibruk. Russland har ein av dei høgaste ratene på energibruk målt mot BNP i verda. Ulikt dei austeuropeiske landa og mange av dei tidlegare sovjetrepublikkane der prisane på drivstoff og energi alt har nådd eller nærmar seg verdsprisar, så er restruktureringa av russisk økonomi framleis langt frå fullstendig. Det Russland skulle gjort dei siste åra, var å devaluere rubelen sakte, og på same tid auke dei innanlandske prisane på olje, gass og elektrisitet, det ville gi næringslivet kompensasjon for aukande energikostnader gjennom sterkare konkurranseevne pga den nedsette rubelen. Men ein slik politikk er ikkje ein gong på presidentens teiknebord i dag.

Ein fare nummer to er for rask nedgang i skattane, som styresmaktene alt har sett i verk (inntektskatt, næringsskatt, og dei samla sosiale skattane). Kritikarane av slike tiltak, medrekna Pengefondets Moskvakontor, peikar heilt rett på at det neverande budsjettoverskottet er basert primært på høge energiprisar, og at regjeringa derfor igjen kan bli sittande utan pengar om desse prisane fell. Ikkje minst er det ikkje rett tidspunkt å redusere skattane når faktisk talt alle offentlege gode – helsestell, utdanning, forsvar, lov og orden – er langt verre stilt enn privat sektor.

Andre farar står att: korruption, ineffektiviteten i statsapparatet, store sosiale skille. Men allment er Russland i betre stand i dag enn for sju år sidan då Putin tok makta. Russland treng no meir enn noko

anna å styrke lov og orden og å bygge opp att statlege institusjonar. Det er au behov for demokrati, men først seinare, når lov og orden er på plass att. Det er sjølv sagt ein fare for at leiarane vil bruke politisk sentralisering til å bygge seg ein maktpyramide og til å eliminere opposisjonen så dei kan leve i fredfull luksus på vår rekning – og kanskje sette i verk tilfeldige eventyrtiltak. Det har hendt i Russland før. Men ein må velje det minste av to vonde. Å styrke lov og orden er bare mauleg i eit sentralisert system. Utan sentralisering er det ikkje sjanse for at det skal skje; uhemma kaos og lovløyse vil herske. Det ser ut til å vere det valet Russland står framfor i dag.

Forklaringer:

1. «Hollandsk sjuke» er eit økonomisk fenomen der eit lands eksport av ein naturressurs fører til avindustrialisering.
Ein viktig del av sjuka er at verdien av landet sin valuta aukar i verdi, slik at konkurransesett sett sektor blir mindre og mindre konkurransedyktig. Importen stig, eksporten minkar og produktiviteten fell. Fenomenet vart først observert i Nederland på

1960-talet, da store reservar med naturgass i Nordsjøen byrja å bli utvinna. Det finst no mykje forsking på temaet.

Nemninga Dutch disease, som er det engelske ordet for fenomenet, skal første gongen ha vorte nytta av The Economist i artikkelen «The Dutch Disease» i nummeret utgjeve 28. november 1977. Mange fryktar og/eller ser teikn til at oljeutvinninga i Noreg skal føre til hollandsk sjuke. Handlingsregelen for oljeformuen er eit virkemiddel som til dels er innretta mot å avgrense dei mogleg negative verknadene av sjuka.» (Nynorsk Wikipedia: http://nn.wikipedia.org/wiki/Hollandsk_sjuke).

2. Kriminalstatistikken blir vanlegvis sett som ikkje samanliknbar mellom ulike land pga stor variasjon i prosent registrerte brotsverk. Men mord blir registrert ganske nøyaktig gjennom både kriminal- og dødsstatistikk (demografisk). Den første er strengare enn den siste, ettersom han bare registererer lovstridige drap, mens demografiske tall dekker alle mord, medrekna «lovlege» – dødsstraff og «utilsikta skade» i krig, antiterroristoperasjoner eller andre politiaksjonar. Begge ratar for himmelhøgt i Russland på 1990-tallet og er framleis svært høge. Gapet mellom desse to indikatorane blei større mellom den første og andre krigen i Tsjetsjenia (1994–1996 og 1999–2002). Sjå figur 13.

(Artikkelen heter på engelsk, Russia Redux?, og sto første gang i *New Left Review* 44. Den er oversatt til norsk av Gunnar Danielsen.)

AV TONY WOOD

Konturar av Putin-æraen

Eit svar til Vladimir Popov

Popov veljer det mindre ondet, sentralisering og potensielt autoritære regimet, framfor å velja det uunngåelege kaoset og oppløysinga som han meiner vil fylgja einkvar annan kurs.

Stabilitet er hovudbekymringa, demokrati kan venta til meir føretrekne omstende utviklar seg.

Spørsmålet er: Stabilitet for kven?

Vladimir Popov har sytt for ei klar framstilling av dei forferdelege økonomiske, politiske og menneskelege kostnadene av sjokkterapi-perioden i artikkelen «Russland, tilbake til gammal stordom?» (Sjå artikken foran, side 48, red.) Dersom Russland er betre stilt no enn for sju år sidan, er det likevel merkbart verre enn for tjue år sidan. Som den eine treffande statistiske oversikta etter den andre synet, er BNP, investeringsrate og forventa levealder framleis ikkje kome opp på 1989-nivå. Det som Popov kallar «lågkonjunktur», har knapt sine like i den økonomiske verdshistoria. I alle høve er det oppmuntrande at han kan presentera data som viser til tydelege forbetringar på mange område. Etter den uavlatelige turbulensen og moralske bankerotten i Jeltsin-perioden, har Putins to periodar som president i stor grad vorte karakterisert som innføringa av ein ny periode med stabilitet i Russland. Statleg kontroll er gjeninnført, og – takka vera høge oljeprisar – har også BNP vakse merkbart, og mykje av statsgjelda er betald ned. Det har også kome fram gode nyhende om sosiale forhold: Fødselsrata har vakse samstundes som sjølvmordsstatistikken og dødsratene har sokke.

Men, som Popov åtvarar mot, finst det også mange fåremoment framover. Rubelen har for høg kurs, og økonomien er i stor grad avhengig av den varebaserte bonanza-økonomien. I tillegg har styresmaktene i liten grad brukt innkomene frå naturressursane til å finansiera sosiale gode, og dei har føreslått å senka skattenivået ytterlegare.* Ikkje desto mindre konkluderer Popov med at «Russland er i bedre stand idag enn for syy år siden», og hevder at det viktigaste

er å attreisa statens institusjonelle styrke. Bortfallet av demokratiske rettar som har fylgd Putins resentralisering av makt, er prisen fortsatt stabilitet kostar. Alternativet er kaos.

Popovs empiriske innstilling er eit sårt tiltrengd korrektiv til dei liberal-kapitalistiske luftspieglingane om «transisjon» og til Kremls marionettespel med russisk media. Framfor alt syt ho for eit solid grunnlag som ein kan føra diskusjonen vidare på. Det som fylgjer her, er ein framstøyt for å trenga seg enno djupare inn i dei problema som Popov har lista opp. Dette er ein del av ein meir detaljert tallfesting – å differensiera elementa i det heilskaplege biletet for å sjå klarare ubalansen mellom dei. Men ei nærmare undersøking av Russland i dag har også vidtgåande kvalitative implikasjonar. Dei vil i sin tur avgjera korleis fårene Popov peikar ut vert handterte – om dei i det heile vert det.

Ulikevekter

Rata av veksten til det russiske BNP sidan kollapsen av rubelen i august 1998 er beskrivande. Rata nådde sitt høgdepunkt med 10 % i 2000 og har eit gjennomsnitt på mellom fire og sju prosent i perioden 2001–06. Den økonomiske veksten har heva innkomene for mange, det nasjonale snittet nådde 10 287 RUR (350 dollar) per månad i november 2006, jamført med 2 281 RUR (kring 80 dollar) i 2000, medan fattigdomsindekksen fell frå 29 % i 2000 til 17,6 % i 2004. Gini-koeffisienten** i

* Det russiske skattesystemet inneber ein flat skatt på 13 % på all inntekt.

** Gini-koeffisienten, mål på (økonomisk) ulikhet, utvikla av den italienske statistikeren Corrado Gini i artikkelen «Variabilità e mutabilità». Det er interessant å legge merke til at utvikla europeiske land har en giniøffisient på 0,24 til 0,36, mens USA ligger over 0,4, noe som viser en større ulikhet der.

Tony Wood
er assisterende redaktør i *New Left Review*.



landet, standard-oppsamlingsmålet for fordeling av inntektene, veks fra 0,3 i 1992 til nesten 0,5 i 1998, men i 2000 hadde det falle til 0,4, noko som tyder på at i alle høve somme av skilnadene frå 1990-åra var viska ut. Men Gini-tala har sidan den gongen starta å krypa oppover att: fra 0,397 i 2000 til 0,409 i 2004.(1)

Biletet av den nye velstanden i Russland blir ytterlegare dempa om me ser på korleis rikdomen er geografisk og sosialt fordelt. Rikdomen forblir svært konsentrert: I 2002 stod dei tjue prosent rikaste for 46,6 % av den totale inntekta i Russland, den nedste femdelen berre for 6,1 %. Den siste gruppa var enno verre ute i 2004, då dei stod for berre 5,6 % av dei samla innkomme. (2) Det russiske samfunnet i dag er til ein stor grad sortert kronologisk: Mellom dei som vart hardast råka av sjokkterapi-orkanen i 1990-åra, var det flest eldre og pensjonistar. Allereie magre pensjonar vart i stor grad ikkje utbetald i Jeltsin-perioden. Men også her har den auka økonomiske veksten i landet hjelpt, og summane som bli betalte ut, har til og med vaksse. Likevel

er dei framleis låge – 2 395 RUR (85 dollar) per månad i 2005. At pensjonistar vart fråteke fleire privilegiar i 2004, har gjort at midla pensjonistane rår over, reelt sett ikkje har vorte større. Levestandarden er redusert gjennom at dei må betala for bruk av offentleg transport og tenester, som dei tidlegare fekk gratis. Inflasjonen spelar også ei rolle – tidlegare var den tosifra, no er den på 9,7 % – den bidreg framleis til å utlikna alle former for heving av den offentlege pensjonen

Geografi er ein avgjerande variabel for å vurdera den noverande tilstanden til Russland. Både folkesetnad og ressursar har alltid vore fordelt ekstremt ulikt over det veldige territoriet. Industrien er konsentrert i den europeiske delen, Ural og rundt polar-sirkelen. Som eit resultat av dette er bruttoprodukt i regionen per innbyggjar (GRP) i Det sentralføderale distriktet til dømes to og ein halv gong høgare enn i steppelanda i sør og i Nord-Kaukasus. Trekkfaktoren inn til hovudstaden er ekstraordinær i einkvar målestokk: Moskva står åleine for 20 % av BNP. Dersom me legg til stor-Moskva,

St. Petersburg og Tjumen, står desse fire regionane for nesten helvta av Russlands produksjon.(3) Dagens avhengigheit av olje-, gass og metallekspor har støtta opp under den eksisterande ubalansen ved dramatisk å auka rikdomen i ressursrike regionar: Det årlege GRP i Tjumen-fylket var til dømes på 575 411 RUR (19 800 dollar) i 2004, samanlikna med 12 583 RUR (430 dollar) i Ingusjetia, den fattigaste undereininga innanfor Den russiske føderasjonen.(4) Denne straumen av pengar har hovudsakleg flomma inn som profit til eigarane av verksem-dene som står for utvinninga av ressursane, ikke gått til arbeidarane som auka løner.

Regionale aggregerte tal syner oss endå større ulikskapar. Det er tydelege skilnader ikkje berre mellom regionane, men også regionane imellom. I Den sentralføderale regionen var til dømes den årlege GRP per person på 4 350 dollar i 2004 og den gjennomsnittlege årsløna på slutten av 2006 på 6 120 dollar. Men gapet mellom maksimum og minimum i regionen er enorm: Medan gjennomsnittleg årsinntekt i Moskva er på 13 440 dollar, er han i Ivanovo-regionen berre 1 860 dollar – ein skilnad på meir enn sju til ein. Mindre men likevel tydelege skilnader, finn me også elles: I Ural er gjennomsnittleg årsinntekt i Jamalo-Nenets-krinsen nesten fem gonger høgare enn i Kurgan-fylket. Innbyggjarar i Samara-fylket i Volga-regionen tener to og ein halv gong så mykje i snitt som dei i Mordovija.(5) Gjeve konsentrasjonen av industri som er nemnd over og tilsvarande fokus på investeringar og moglegheiter for jobb, ser skilnaden mellom rike regionar og tilbakeståande sonar ut til å auka også i åra som kjem. I denne samanhengen vil den tilrådde auka i drivstoffprisar som Popov legg fram i konklusjonen sin, ha sterkt ulike verknader i ulike delar av landet og i ulike sosiale sektorar – noko som vil tvinga gjennom dyna-

mikken med veksande territoriell og sosial ulikskap på nytt.

Stabilisering og deselerasjon

Høge globale oljeprisar kombinert med den dominante rolla utvinning av naturressursar spelar i russisk økonomi har sytt for ein slavisk versjon av «den hollandske sjuka». (Sjå forklaring side 56) Popov peiker på den konsekvent for høge reelle vekslings-kursen, og at det er hovedårsaka til effektive bremsing i veksten av BNP sidan 2000. Men ei rekke andre tilknytta faktorar kan bli lagt til – faktorar som gjev alvorlege langtidsverknader.

Fyrst er det et spørsmål om investeringane både når det gjeld innretting og storleik. Investeringane er relativt låge, mindre enn 20 % av BNP. Knusinga av planøkonomien i nittiåra førte til avindustrialisering i stor skala i Russland, og den profitten som fanst i verksem-dene som overlevde, vart i stor grad ført ut av landet til utanlandske bankkonti. Rubelkollapsen i 1998, noko som skulle gjera eksportnæringa meir konkurransedyktig, var ei oppmoding til kapitalistar om å senda delar av rikdomen sin attende til fedrelandet. Men som Simon Clarke påpeikar, jamvel om investeringane har auka sidan nittiåra:

«... mesteparten av dette ... (har vært) sporadisk fornying av bygninger, maskiner og anlegg for å opprettholde og utvide eksisterende produksjonskapasitet, snarere enn etablering av nye anlegg som kan produsera til konkurransedyktige prisar og kvalitet og aktivt utvida marknaden.»(6)

Retninga av investeringar mot eksisterande kapasitet – heller enn mot å forandra økonominen – kan kanskje delvis forklåra kvifor importvolumet veks med nesten 20 % i perioden 2003–05: Jamvel i gunstige økonometiske konjunkturer har varer produsert

for den heimlege marknaden ikkje vore i stand til å konkurrera med utanlandsbaserte varer innanfor mange sektorar.(7) Denne tilsynelatande uvilja til å gje middel til å utvida grunnlaget for russisk økonomi – og slik også grunnlaget for framtidig profitt – gjev antyder at den russiske forretningselen fortsatt konsentrerer seg om råvareutvinning. Inntil det skjer ei endring i denne orienteringa, vil vekst i BNP framleis vera avhengig av sving-ingane i den globale oljeprisen.

Motvilja mot å investera er ikkje avgrensa til privat sektor. I 2004 lagde den russiske regjeringa eit stabiliseringsfond (russisk: «Stabfond») slik at dei svimlande summane petroleumsrublar skulle akkumulera. Alt overskot over 27 dollar per fat olje som er seld frå oljefelta i Ural, blir no betald rett inn i fondet. Den totale verdien av dette fondet låg på tett oppunder 80 milliarder dollar.(8) Men, som Popov påpeiker, Putin-administrasjonen har «mislukkast i å nyttja overskotet frå olje- og gasseksport ... til å reparera sterkt forfalne statlege institusjonar og å gjenoppbyggja viktige offentlege tenester».(9) Noko av «Stabfond»-midla er nyttta til å betala ned utanlandsgjeld og dekkja pensjonar, men sidan sommaren 2006 er det nesten utelukkande vorte nyttta på utanlandsk valuta – 45 prosent på dollar, like mykje på euro og ti prosent på pund sterling. Mellom juli 2006 og slutten av januar 2007 har oppkjøp av utanlandsk valuta frå «Stabfond» nådd 2 400 milliardar RUR, eller 91 milliardar dollar. Dette kjem på toppen av dei 250 milliardar dollarane i statsreservar som staten allereie hadde i juni 2006.(10)

I eit land kor «så mange som eit av fem sjukehus framleis manglar varmtvatn og kloakksystem», kor «staten finansierer løner for mindre enn ein tredel av bruksutgiftene til statlege universitet», har ein stat som

flommar over av pengar likevel gått inn for å ikkje bruka mykje av pengane på offentleg velferd.(11) I staden har staten pøst resursane ut på den globale kapitalmarknaden. Dei har nyttta pengar på å «finansiera oljeimportørar» sine store kapitalunderskot, i røynda å sende rekninga på auka i prisen på drivstoff attende til forbrukarane og dimed stø opp om kapitalen i staden for å retta opp i eigne problem.(12) Det må også understrekast at dette kjem i tillegg til budsjettoverskotet på 7,7 % i 2005 og at det er innarbeida ei rad tilbakeverkande endringar i skattesystemet sidan 2001 – inkludert flat skatt på inntekt på 13 % og eit kutt i kapitalskatt frå 35 til 24 % – noko som systematisk har favorisert korporativ rikdom på kostnad av vanlege innbyggjarar.(13)

Kven styrer Russland?

Putin-regjeringa si prioritering – å sy puter under armane på euroen og den fallande dollaren i staden for å syta for sine eigne – og uvilja frå russiske entreprenørar til å investera i den ekspanderande heimlege marknaden, reiser fundamentale spørsmål om den heilskaplege strategien til Russlands noverande økonomiske og politiske elite. Men før me tar opp dette, må me først sjå på ei sak av meir grunnleggjande karakter: Kven er Russlands nye herskarar?

Mykje er skrive om voksteren til representantane i «maktstrukturane» under Putin, sjølv ein gong oberstløytnant i KGB og direktør i FSB, KGBs etterfylgjarar. Tatt frå rekkene i militæret og tryggleikstenesta, er siloviki* absolutt framtrendande i det noverande russiske leiarskiktet. Ifølge Olga Kryshtanovskaya og Stephen White,

* Siloviki er rusiske politikerar som kjem frå det gamle tryggingssystemet eller militæret, ofte fra KGB slik som Putin.

utgjorde siloviki 58,3 % av Tryggleiksrådet i 2003, jamført med 33,3 % i 1993 og berre 4,8 % i Politbyrået i 1988. Dei har også auka relativt innanfor den regionale eliten: Av 88 sjefar i føderale undereiningar, vart 2,2 % drege inn frå militære eller tryggleiksmessige sirklar i 1993. Dette auka til 4,5 % i 1999 og 10,2 % i 2003.(14) Det at mange av desse tilsette blir verande innanfor den «aktive reserven», vekkjer nok stor uro hjå dei som fryktar gjenoppbygginga av eit totalitært regime. Departementet støttar dei effektivt, og forventar at dei leverar ein månadleg rapport om sine aktivitetar.

Samansmeltinga av tryggleikstenestene og den politiske makta er eit framståande trekk ved Putins Russland, noko eg vil koma attende til. Kan henda enno meir slåande er likevel den veksande representasjonen av forretningar i statsapparatet. Rubelkollapsen i 1998 endra karakteren og samansetjinga av den russiske forretningseliten grunnleggande. Den moskvabaserte bank- og finansnæringa vart feid ut, medan den plutselege oppbløminga av heimleg produksjon (eit resultat av stagnasjon og devaluering) førte til ei auke av eiendomssektoren – og ein tilsvarande ny framvekst av industriregionar. Medan finansmarknaden på nitti-talet var dominert av ein handfull «oligarker», var politisk og økonomisk inn-

verknad ved tusenårskiftet spreidd over ein større og geografisk meir ulik del enkeltpersonar, med tettare band til statsapparatet enn sine magnatliknande føregjengarar. Ei undersøking av bakgrunnen til den nye forretningsseliten avslørte i 2001 at 29 % hadde bakgrunn frå nomenklaturaen. Dette var opp frå 24 % i 1993. Kryshtanovskaya og White observerte vidare at «hovudkjelda for rekruttering til forretningsseliten er dei statlege departementa».(15)

Omvendt har forretningar også vore ein framtredande kjelde til statlege kadrar. Dette finn ein på alle nivå: Ein heil seksjon av Putins presidentadministrasjon er teke frå rekkene til AlfaBank, medan Tabell 1 syner oss at kring 20 % av regeringa i 2003 vart drege inn frå forretningsverda, noko som tilsvarte fordelinga mellom dumarepresentantar. Representasjonen frå forretningsverda i Overhuset var likevel høgare: I 2002 kom nesten ein tredel av medlemene i Det føderative rådet frå det private næringslivet.(16) Meir enn eit dusin russiske regionar, dei ressursrike er framtrendande mellom dei, blir no leia av forretningsmenn frå store lokale selskap.

Resultatet av at rubelen kollapsa i 1998 var ei «reforhandling, men ikkje ei opplysing, av samanblandinga av forretningar og regjering som kjenneteiknar eit

Tabell 1: Næringslivets representasjon i elitegrupper (i %)

	Toppledere	Dumarepresentanter	Regjering	Regional elite	Totalt
Yeltsin-«klanen» (1903)	2,3	12,8	0	2,6	4,4
Putin-«klanen» (2002)	15,7	17,3	4,2	8,1	9,3
Putin-«klanen» (2003)	9,1	17,3	20	12,5	14,7

Kilde: Kryshtanovskaya og White: Rise of the Russian elite, tabell 4, side 303



oligarki».(17) Ja, med Putins suksessive tilsettjingar av nøkkelpersonell i statsadministrasjonen og allierte som formenn i statlege selskap, har tilhøva mellom forretninger og det offentlege vorte berre tettare og tettare. Dei er no, som *Financial Times* skriv, «i armane på kvarandre». Visestatsministar Dimitrij Medvedev er også formann i Gazprom, Putins viseadministrasjonssjef Igor Setsjin, er også formann i Rosneft. Tek me heile presidentadministrasjonen under eitt, ser me at 11 medlemer deler på seks statlege selskap og har 12 andre direktørpostar innanfor statsapparatet. Femten seniorsjefar i regjeringsapparatet har seks formannsplassar og 24 andre styreverv. Mange medlemer av regeringa har også rykte på seg for å ha merkbart opne forretningsinteresser – slik som kommunikasjonsminister Leonid Rejman, som visstnok framleis skal ha

interesser i teleselskapet han var med på å grunnlegga, Telekominvest.(18)

Financial Times har beskrive Putins maktaapparat som «kvasistyret til det som kan kallast Russland AS». Det store området som statsapparatet og forretningsverda rår over i tillegg til den amfibiose karakteren til funksjonærane i dette apparatet, tyder på at dette er ei passande beskriving for landet som heilskap. Spørsmålet vert likevel kva for eitt av den russiske elitens to ansikt – business eller stat – som dominerer. Hvilke fraksjonar styrer dei langsiktige målene og prioriteringane?

Eliteorienteringar

Gjeninnføringa av statleg kontroll over strategiske firma og sektorar er sett på som eit teikn på smugnasjonalisering. Staten

nyttar si administrative makt til å knusa Khodorkovskijs Yukos og meir nyleg også til å setja til side multinasjonale selskap som Shell. Vestlege analytikarar har diagnostisert denne utviklinga som eit tilfelle av «ressursnasjonalisme», og samalikna Putins handlingar med tilsvarende handlingar hjå Chávez og Morales. Det siste innspelet i russisk politisk diskurs har vore ideen om «sjøvstendig demokrati» og viser til Russlands evne og vilje til en sjøvstendig kurs, uavhengig av lån og bifall frå Vesten.

Ingen av desse ombegrepa er dekkjande for å skildra tenkjemåtane til den dominerande russiske eliten. Som det er bemerka over, har Putin-administrasjonen ikkje aktivt brukt oljerikdomen til å gi til dei som tapte under «reformane» på nittitalet. Heller er det slik at skatteordninga sokjer å tena dei rike i enno større grad, medan å innföra betaling for eller auka prisane på offentlege tenester, straffar dei fattige. Jamvel om fattigdomsprosenten fell og lønene stig, vil eit-kvart merkbart fall i oljeprisane mest sannsynleg reversera denne prosessen. Dette vil nok ein gong ha störst ringverknader for dei med lågast inntekt. Avgjerda om å brukha oljeoverskotet på euro og dollar er tilsyne-latande motivert av eit ynskje om å halda inflasjonen under kontroll, men i ein kontekst kor infrastrukturen i landet berre blir meir og meir dysfunksjonell, er slik varsemd eit utsett sjølvord. Denne varsemda med offentlege gode svelteforar landet, mens det kunne ha sikra overlevnaden på lang sikt.

Popov kritiserer avgjerda om ikkje å nyta oljefortenesta på offentleg velferd og infrastruktur, men stiller ikkje spørsmålet om kvifor det vart slik. Det er likevel klart at det ikkje er uroa over den kollektive tilstanden til det russiske folket, som skin gjennom den nasjonalistiske retorikken som kjem frå Kreml. Det er heller framhaldet av straumen av olje ut og pengar inn som

dei freistar tryggja. Det stille *narod* (folk, red.) blir gjeve overdådige gåver i valgtider, men elles fokuserer eliten på dei to måla profitt og makt.

Tilhøvet mellom desse to faktorane er kan henda det strukturelle trekket ved Russland i dag. Administrativ makt er naudsynte reiskapar for å få suksess i forretningsverda, medan kommersielle vurderingar ofte dikterer tildelinga av statsobligasjonar og kontorpostar. Samansmeltinga av stat og forretningar er på det viset mykje meir enn ein koalisjon av sjølvinteresser. Det er ein symbiose med røter i den nye forma for arveleg overfört eigedom som preger kapitalismen i Russland idag. Dette har vore nøkkelstrukturen i staten, og gjennom denne har kapitalistane i landet fylgt sine økonomiske interesser ved å nytta postane sine til å tryggja utbyttet ved privatisering, til å letta vanskelege overtakingar av firma, kvitvasking av pengar, skattejuks og til og med ved å operera som væpna livvaktar mot organisert kriminalitet. På eit møte med dei mest framståande finansfyrstane i juli 2000, peikte Putin avslørande på det at «de på merkbart vis har forma denne staten gjennom politiske og kvasipolitiske strukturar som ligg under dykkar kontroll». Han la til: «Kan henda er det som ein absolutt ikkje skal gjera, å skulda på speglen».(19)

I det einogtjuande hundreåret har staten vorte den uunværlege garantisten for den egedomen ein tileigna seg på nittitalet. Mange har sett på Putins selektive førfylgjing av «oligarkar» sidan 2000 som ei tvangsmessig styrking av statlege privilegiar og autoritet over forretningsverda. OECD-økonomen William Tompson observerer at «for Russlands nyrike var føremålet med statsbygging og strukturreformar å konsolidera dei sigrane dei vann i nittiåra.(20) Når stat og forretninger overlappar i så stor grad, er det ofte eit uttrykk for ei kraftig



utviding av statens makta, ei eksponensiell auke av strategiar for grupper av forretningsfolk.(21) Medan den sentrale retorikken til den nasjonale leiarskapen har auka i styrke, har forretningseliten skifta fokus frå å tryggja tenestene i statsapparatet på regionalt og lokalt nivå, kor «statlege ressurssar (...) blir lånte ut til mektige og ekspanderande grupper av forretningsfolk». (22) Fenomenet statleg «konfiskering» som var karakteristisk for nittiåra, er vorte modifisert heller enn redusert.

Den noverande formen på organisasjon kan beskrives som ein form kor staten har lite eller ingen autonomi frå dei økonomiske interessene til den russiske eliten. Fraksjonane av denne legeringa av stat og forretningsliv blir utgjorte av både statlege aktørar og grupper forretningsfolk som kombinerer rollene sine på grunnlag av felles økonomiske interesser. Skiljelinjer i

politikken framover – som den vidare liberaliseringa og senkinga av tollsatser, som ein treng for å oppnå medlemskap i WTO – skjer sektorvis. Eksporienterte produsentar og dei framleis sårbare bankane justert med talemåtar kring «suverenitet» står mot liberale tilhengjarar av auka integrasjon i den globale økonomien. Innflytverknaden til desse to hovudtendensane svinger, med Putin svevande over strida, medan han medvite arbeider for å halda oppe fragmenteringa av område og interesser som til no har hindra framvoksteren av ein sameint kapitalistklasse.

Putin nyter stor støtte frå breie lag av folket, men dette har ein grunn, plebeisk karakter, og må ikkje bli mistolkas som å vera ein brei sosial konsensus som eliten heilt og halde er avhengig av. Herskarane i Russland har mest ikkje vore i stand til å tvinga gjennom ein ideologi med nokon

særleg appell. Den siste dyrkinga av nasjonalistiske kjensler har mest teke form av å vera post-imperialistiske spasmar heller enn eit samansett syn på kva som ville legitimera retten deira til å vera den moralske leiarskapen. I staden har dei makta over eit nedstøva folk gjennom ein kombinasjon av valmessig legitimitet for Putin sjølv og ulike formar ikkje-formelle tvangsmekanismar. Desse spelar ei større rolle enn kva Popov analyserer seg fram til – i hans analyse ser kriminalitet, korruption og den uformelle sektoren ut til å vera biprodukt av ein ustabil konjunktur. Faktisk er desse faktorane integrerte i korleis Putins Russland fungerer.

Symptom på det uformelle

Hovudkjerna i dei administrative endringane som er gjennomførte av Putin, har vore ei formidabel resentralisering, eller for å seia som Putin sjølv, «den vertikale makta», er vorte planta i russisk jord. Dette inneber at på den eine sida har ein fått auka effektiviteten i dei grunnleggjande funksjonane til staten – fyrst og fremst i skatteinnkrevinga. Ein har fått fleire militære og folk med bakgrunn i tryggleikstenesta i sivile postar i statsadministrasjonen, til og med i større grad enn i sovjettida. På den andre sida har den auka sentraliseringa også sytt for to andre vidtomfemnande, men mindre merkbare, konsekvensar. For det første har det føderale sentrumet ikkje utsletta dei regionale strukturane, men heller skapt nye lag av statstilsette som har tilrana seg oppgåvene til motstykka sine utan å spela dei over sidelina. Difor har ein opplevd ei vanvittig byråkratisering av Russland: Det finst no 1,3 millionar funksjonærar, mer enn dobbelt så mange som fanst i Sovjetunionen då landet vart oppløyst.(23) For det andre er det ikkje berre makta som er sentralisert: Skuggeverda som blir utgjort av korruption,

har likeeins vorte reorganisert. Ifølgje forsking som er utført av den russiske tenkjetanken Indem, jamvel om talet bestikkingar har gått ned med 20 % i perioden 2001–05, har summen på gjennomsnittsbestikkinga auka til det trettendobbelte.(24) Den same studien anslo verdien av korruption i forretningsverda til 316 milliardardollar, medan den russiske visegeneralprokuratoren gjekk ut frå eit tal på 241 milliardar dollar. I alle hove bemerker Leonid Kosals: «Både tala overgår figurane for inntekter på det føderale russiske statsbudsjettet». Legg til at veksten i korruption «er kring det tidobbelte, noko som er mange gonger større enn veksten i økonomien under eitt.»(25)



Artiklene til Vladimir Popov og Tony Wood sto begge i det engelske tidsskriftet New Left Review fra mars/april 2007.

Nivået på korruption i Russland skuldast i all hovudsak framhaldet av utbreiinga av uformell praksis i alle sfærar av samfunnet – i sin tur eit produkt av det Georgij Derlugujan har kalla den «vedvarande under-institusjonaliseringa av det russiske dagleglivet». (26) Politisk sett vil dette seia

at mangelen på institusjonar gjev ein vekst i utbreidd personfokus, noko som i sin tur leier til at ein held oppe eit gjærande lag av klikkar og fraksjonar – sjå berre på talet St. Petersburg-borgarar i Putins nærmaste krins. Det fører ofte også til nepotisme. To av utallige døme kan trekjkast fram: Mellom 1996 og 2000 vart Kursk-fylket sitt oljekonsern, apotek, offentleg tryggleik og kultursyslar plassert under slektningar av den dåverande guvernøren Aleksandr Rutskjo. Samstundes ligg store delar av det økonomiske livet i Basjkortostan i dag i hendene på familien til president Murtaza Rakhimov.

Det finst sjølv sagt mengder av liknande saker andre stader i verda. Men personfokus som gjer slik korruption lettare, er ein del av eit heilt kompleks av uformell praksis som den postsovjetiske ordenen kvilar på. Som Aljona Lebedeva har argumentert for:

«Den uformelle komponenten er ein integrert del av politisk makt i Russland. Denne gjer ho både rasjonell og avhengig av uskrivne reglar, ujennomsiktiga og det selektive bak handhevinga av lover».(27)

Difor var ikkje målet med å tvangssoppløysa Yukos berre å overføra aktiva til firma som var knytte tett opp til regjeringa, men også medvite å skapa utryggleik mellom investorar og kring spelereglane. Ein heldt også med hensikt i hevd det privilegiet statstilsette har til å oppretthalda eller fjerna eigedomssrettar når deira eigen fraksjon sjølv måtte ha interesse av det.

Den russiske økonomien har lenge hatt ein omfemnande skuggesektor. I sovjet-perioden var han fyrt og fremst ein mekanisme for å ta seg av manglar. På same vis utgjorde bytehandel i nittiåra 50 % av det totale talet transaksjonar og skuggeøkonomien mellom 40 og 50 % av BNP. Dette var medan, slik Popov observerer, «lønsystemet (var) på randen av kollaps».(28)

Vareboomen har sikra ei solid monetarisering av økonomien, men Popov åtvarar mot at bytehandel og ikkjebetalingsøkonomi kan koma attende, «dersom styresmaktene vender attende til ein strikt økonomisk politikk». Dette undergrev til ein viss grad kva grad uformelle økonomiske mekanismar er ein permanent del av Russlands sosioøkonomiske landskap. Det gunstige makroøkonomiske klimaet skjuler eksistensen av uoffisielle kanalar, dei sistnemnde «vart nytta i sovjetøkonomien til å gje vern til firma mot den tvingande naudsynte marknaden».(29)

Kriminalitet og kolonikrig

Ifølge Popov «forblir omfanget av kriminalitet i det russiske samfunnet stort». Mordrata står no på 20 per 1 000 – tre gonger så høg som i Storbritannia, og ti gonger så høg som i Vest- og Aust-Europa, Canada, Kina og Japan. Likevel er ho lågare enn før. Det har kor som er vore ein vekst på 60 % i den heilskaplege kriminalitetsrata i Russland i åra 2002–06. Popov argumenterer for at «dette er mest sannsynleg eit teikn på at rapporteringa om kriminalitet er betre».(30) Mange vil nok ikkje dela denne oppfattinga. Ein høgare grad (ekte eller innbilt) av offentleg kompetanse oppmodar utan tvil folk til å rapportera lovbroter, men nok til å syta for ei auke på 50 % på ei allereie høg rate? Den vedvarande uformelle praksisen som er nemnd over, framhaldet og veksten i korruptionen og den vidare sementeringa av ulikskapen i inntekter leier alle til å styrka faktorane som fører til kriminalitet. At lovene i tillegg er manifesterert som eit instrument for å tena spesielle interesser til utvalde grupper, har utan tvil gjort mykje til å undergrava respekten for lovmakta.

Men det er Putins framhald av makt-

bruk som har bidrøge mest til legitimeringa av vald i landet som heilskap. Krigen i Tsjetsjenia, ført enno meir grusomt enn krigene i 1994–96, førte han til presidentposten i 2000 og spela ei viktig rolle i konsolideringa av eit autoritært system. Å knusa tsjetsjensk von om sjølvstende var den militære komponenten i Putins køy for resentralisering – hans kompromisslause haldning støtta opp om oppslutninga han har i folket. Popov sklir forbi dei grusomme handlingane og den pågåande okkupasjonen, medan han berre noterer at «i dag er separatistrørsla stort sett nedkjempa». Russiske militære og statlege talspersonar har erklært siger mange gonger – det starta med Putin sjølv i 2000 – men det er inga løysing i siktet no når krigen er inne i sitt åttande år. Den russiske hæren held fram med å tapa styrkar med eit snitt på kring tre i veka som blir drepne av ei lita, men mobil motstandsørslle. Marionetteregimet til Moskva har sett igang kidnapping, tortur og drep sine landsmenn, og har mist all legitimitet. Det finst ikkje ein einaste synsvinkel det er mogleg å sjå Putins krig i Tsjetsjenia som frå ein suksess. Popov stadfestar sjølv indirekte denne fiaskoen når han refererer til dei 43 prosenta av folkesetnaden som tidleg i 2004 ynskte at presidenten stogga krigen. Seint i 2006 hadde den delen av dei som står forhandlingar med separatistane, auka til 64 %. (31)

Krigen er ei katastrofe som har konsekvensar langt utanfor Nord-Kaukasus. I det russiske samfunnet som heilskap har Putins antiopprør i Tsjetsjenia leia til eit oppsving i framandfrykt og utiljevelig imperialisme ved at drapa på titusenvis av tsjetsjenarar er framstilt som naudsynt for at staten Russland skal overleva. Det har hatt enno meir vidfemnande øydeleggjande effekt på meir enn ein million russarar, alt frå vernepliktige til leigesoldatar til personell

som handhever lov og orden som har vore i Tsjetsjenia sidan 1994. Kvar og ein av dei har anten begått eller vore vitne til grove ugjerningar, og for alle saman er uinnskrenka bruk av makt det offisielle mantraet for korleis ein kan oppføra seg. Det psykologiske traumaet som krigen har påtvunge dei, blir kalla «det tsjetsjenske syndromet». Men dei lumske symptomata på aggressivitet er ikkje berre forbeholdt veteranane, dei er rotfest i den offentlege sfæra og det politiske livet i Russland.

Det minste vondet?

Popov konkluderer med å leggja vekt på det mindre sentralisering og potensielt autoritære regimet framfor å velja det uunngåelige kaoset og opplysinga som vil fylgia einkvar annan kurs. Stabilitet er hovudsaka, demokrati kan venta til betre omstende utviklar seg. Spørsmålet som umiddelbart kjem opp, er: Stabilitet for kven? Det må vera klårt at herskarane i Russland har liten interesse av velstand for vanlege folk. Den noverande prioriteringa er heller å nyta naturressursane i landet for å spela ei større rolle i global samanheng og såleis utvikla vidare høve for å internasjonalisera russisk kapital. Medlemskap i WTO vil støtta opp under det siste målet, jamvel om det også vil bera i seg ei opplysing av dei vilkåra som russisk industri har tent på. Det vil også undergrava nylege framstøytar på å attopplica bil- og flyindustrien. Til førene som Popov listar opp, lyt me også leggja til at ein utset seg for presset frå utanlandsk kapital, og at ein aukar den eksisterande ulikskapen som WTO-medlemskap uungåeleg fører med seg. Desse formane for destabilisering vil sjølv sagt gå utanom dei delane av forretningslivet og staten som aktivt søker etter dei.

Til slutt dreier det seg om det minste av

to onde. Popov framfører alternativa sine i skarpt avteikna termar: status quo eller fullstendig katastrofe. Slik logikk har lenge hjelpe til med å samla kritikarar rundt elles usmakeleg medisin. Men det er nett immuniteten mot utfordringar eller debatt som syt for at kriminalitet, kameraderi og korruption blømar. Det er slik at det er tilgjenget til alternative løysingar for utviklinga vidare, som seier noko om den politiske helsa til eit land. Popovs analyse presenterer mange poeng som kan vera utgangspunktet for ein slik diskusjon.

Notar:

1. Federalnaja sluzhba gosudarstvennoj statistiki (RosStat, www.gks.ru) og un Human Development Reports, 2002 og 2006. Den offisielle fattigdomsgrensa i 2004 var 2 376 RUR per månad (då kring \$85).
2. FNs Human Development report 2006, Economist Intelligence Unit, Russia Country Profile 2006 (heretter eiu), p. 45. Den sistnemnde bemerker tørt: 'since it is generally assumed that in Russia income and the ability to evade taxes are positively correlated, actual income distribution is probably more unequal still.'
3. eiu, s. 45. Det må likevel merkast at mange russiske selskap har hovudkvartera sine i Moskva, noko som aukar tala for byen merkvert. Likevel synet dette statistiske gapet sjølv den dominerande rolla hovedstaden spelar i den nasjonale økonomien.
4. Tal frå RosStat website.
5. Tal frå RosStat website.
6. Simon Clarke, 'A Very Soviet Form of Capitalism? The Management of Holding Companies in Russia', Post-Communist Economies, vol. 16, no. 4 (2004), s. 420.
7. eiu, s. 43.
8. Elena Lebedinskaia, 'Stabfond: segodnya, zavtra . . . navsegda?', Nepriskosnovennyj zapas, nr. 50 (2006); tal frå Ministerstvo Finansov, www.minfin.ru.
9. Popov, 'Russia Redux?', NLR 44, March–April 2007, p. 43.
10. Financial Times, 9 June 2006; figures from Ministerstvo Finansov og eiu, Russia Country Report, September 2006, s. 39.
11. eiu, s. 24.
12. Economist, 10.november 2005.
13. eiu, ss. 66, 39.
14. Olga Kryshtanovskaya and Stephen White, 'Putin's Militocracy', Post-Soviet Affairs, vol. 19, no. 4 (2003), pp. 289–306. Eg har sitert tala for dei tettast definerte gruppene heller enn dei mykje høgare samla tala som er kalkulerte av Kryshtanovskaya and White. For viktige metodologiske kvalifikasjonar for data deira, sjå Sharon Werning Rivera and David Rivera, 'The Russian Elite under Putin: Militocratic or Bourgeois?', Post-Soviet Affairs, vol. 22, no. 2 (2006), ss. 125–44.
15. Kryshtanovskaya and White, 'The rise of the Russian business elite', Communist and Post-Communist Studies, 38 (2005), s. 300.
16. Andrew Barnes, 'Russia's New Business Groups and State Power', Post-Soviet Affairs, vol. 19, no. 2 (2003), s. 180.
17. Kryshtanovskaya and White, 'Rise of the Russian business elite', s. 295.
18. Financial Times, 19 June 2006; and William Tompson, 'Putin and the «Oligarchs»: A Two-Sided Commitment Problem', i Alex Pravda, ed., Leading Russia: Putin in Perspective, Oxford 2005, s. 193.
19. Tompson, 'Putin and the «Oligarchs»', s. 182.
20. Tompson, 'Putin and the «Oligarchs»', s. 188.
21. Vadim Volkov har konkludert med at i perioden etter 2000 'the major instruments of aggressive enterprise takeovers are corrupt state organizations that have judicial and coercive power.' Volkov, 'The Selective Use of State Capacity in Russia's Economy: Property Disputes and Enterprise Takeovers After 2000', Ponars Policy Memo no. 273, October 2002.
22. Volkov, 'Selective Use of State Capacity'.
23. eiu, s. 9.
24. Sitert i Leonid Kosals, 'Klanovyj kapitalizm v Rossii', Nepriskosnovennyj zapas, 50 (2006), s. 196.
25. Kosals, 'Klanovyj kapitalizm', s. 191.
26. Georgi Derluguian, 'Under Fond Western Eyes', nr. 24, November–December 2003, s. 138.
27. Alena Ledeneva, How Russia Really Works: The Informal Practices that Shaped Post-Soviet Politics and Business, Ithaca, NY 2006, s. 188.
28. Popov, 'Russia Redux?', p. 44; Kosals, 'Klanovyj kapitalizm', s. 184.
29. Ledeneva, How Russia Really Works, s. 118.
30. Popov, 'Russia Redux?', ss. 46, 49.
31. Popov, 'Russia Redux?', s. 50; statistiske data frå Levada Centre, www.levada.ru.

(Artikkelen, Contours of the Putin era, a response to Vladimir Popov, sto første gang i *New Left Review* 44, og er oversatt til norsk av Jan-Erik Skretteberg.)